



SAKSHANDSAMAR
Mari Søbstad Amundsen

VÅR REF.
13/00153-20

ARK. F - Fartøy
Stord I

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

+47 98 22 87 32

DYKKAR DATO

VÅR DATO

19.06.2014

TELEFAKS

+47 22 94 04 04

postmottak@ra.no

www.riksantikvaren.no

Stiftelsen D/S Stord I
Postboks 1740 Nordnes
5816 BERGEN

Hordaland Fylkeskommune

n 1 JUL 2014

KOPI

Stord I - LEYT - tilsegn om og utbetaling av tilskot frå statsbudsjettet 2014 kapittel 1429 post 74

Riksantikvaren syner til Dykkar søknad av 26.05.14 om tilskot til avgiftskompensasjon for ovanfor nemnde farty.

I brev av 14. april 2014 kom Riksantikvaren med ei utlysning av tilskot til forvaltning, drift og vedlikehald (FDV-tilskot) over statsbudsjettet 2014 kapittel 1429 post 74 fartyvern.

Det var kr. 5.000.000,- til fordeling, og det har kome inn søknader frå i alt 69 fartøy på til saman kr. 16.640.158,-.

Berre ein del av søknadene gjeld kompensasjon for miljøavgifter, og farty som har søkt om slik kompensasjon og som oppfyller kriteria vert tilgodesette.

VEDTAK

Riksantikvaren gjev med dette tilsegn om og utbetaler FDV-tilskot for 2014 til kompensasjon for miljøavgifter på inn til

kr. 48 760,- frå kapittel 1429 post 74

Beløpet vert overført til Dykkar bankkonto 3624 32 6340

Rapportering

Kompensasjon for miljøavgifter skal rapporterast på følgjande måte:

- Organisasjonar skal sende inn referat frå årsmøte med årsmelding og rekneskap.
- Private og andre skal sende inn rekneskap med opplysning om korleis eit eventuelt overskot er disponert.

Riksantikvaren er merksam på at det normalt ikkje er moglig å leggje frem rekneskap og årsrapport med meir innan 15. januar. Følgjande ordning vil difor gjelde frå 2015: Tilsegn til prosjekt som ikkje har sendt inn gyldig rapport saman med søknaden vil først bli utbetalt når slik rapport er motteke.


Løyvingsreglementet

Vi syner til løyvingsreglementet § 10 og gjør merksam på at Riksantikvaren har høve til å føra kontroll med at tilskotet vert nytta som føresett. Riksrevisjonen har tilsvarande høve til å føra kontroll med heimel i lov om riksrevisjon av 7. mai 2004 § 12.

Høve til å klage

Vedtaket kan klagast inn til Klima- og miljødepartementet, jf. forvaltningsloven § 28. Ein eventuell klage skal stilast til klageinstansen, men sendast til Riksantikvaren innan tre - 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forvaltningslova § 29.

Beste helsing



Dagfinn Claudius (e.f.)
avdelingsdirektør



Mari Søbstad Amundsen
konst. seksjonssjef

Vedlegg:

Kopi til: Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen